



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2023.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
59



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Ove Midtflø
Visepresident:	Astrid Velle
Styremedlem:	Svein dag Slettebakk
Sekretær:	Bernhard Harkjerr
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Idar Flø
Ansv.red.:	Øystein Alme
Referent:	Karin S. Holstad

Til ungdommen

Edelt er mennesket,
jorden er rik!
Finnes her nød og sult,
skyldes det svik.
Knus det! I livets navn
skal urett falle.
Solskinn og brød og ånd
eies av alle.
Da synker våpnene
maktesløs ned!
Skaper vi menneskeverd,
skaper vi fred.
Den som med høyre arm
bærer en byrde,
dyr og umistelig,
kan ikke myrde.
Dette er løftet vårt
fra bror til bror:
vi vil bli gode mot
menneskes jord.
Vi vil ta vare på
skjønnheten, varmen –
som om vi bar et barn
varsomt på armen!

Nordahl Grieg

Referat frå Rotarymøte 4. september 2023.

Referent var forhindra frå å møte, sekretæren skriv.

Møte i Ulsteinvik starta klokka 17:30 der Distriktsguvernøren og assisterande distriktsguvernør deltok. Det var sett opp stolar slik at også medlemmane kan sitte som tilhøyrarar.

Program:

Presidenten i Ulstein Rotaryklubb Stig Ole Borgundvåg ønska alle velkomne og etterpå presenterte han sine kommitear og planar for året.

Etter Ulstein RK kom presidenten i Herøy Rotaryklubb Leif Jon Hansen fram og presenterte sine prosjekt og planar.

Etter ei pause i programmet tok presidenten vår Ove Midtflø å presenterte vår klubb sine planer, prosjekt og kommitear.

Etter Ove kom guvernør Andres Anderson frå Eda fram på posiet og heldt ei innføring om prosjekt som Distrikt og Rotary ellers heldt på med.



Referat frå Rotarymøte 11. september 2023.

God og engasjert diskusjon rundt bordet, programfritt møte då det er kommune/fylkesvalg idag. Rundt 10 medlemmar møtte.



Referat frå Rotarymøte 18. september 2023.

Vel møtt frå Ove M.

Program for dagen: Oskar/ komitemøter

Song: «Mellom bakkar og berg», Ivar aasen

Program neste måndag: Foredrag på Aasentunet, ny bok av Arnljot Løseth, «Energi og den industrielle revolusjonen». Oppmøte utafor lokala til HR kl.1800 for felles transport kl18.15 til Aasentunet.

Oskar: Presenterte framtidige planar for (etter det eg kan sjå) sitt eige firma Coastal Event AS (tidlegare Oskarsborg AS)Oskar ville mellom anna legge til rette for besøk av Cruise-turistar, utleige av sjøbud til selskapsformål, besøk til vikinghuset på Hjørungavåg, fisketurar, med meir.

Oskar informerte og litt om «Kystrederiene» med vekt på nettolønnsordninga.

Ove M. takka Oskar for informasjonen og avslutta / takka for møtet. (Referent Øystein Alme)



Referat frå Rotarymøte 25. september 2023.

Idag er det programfritt møte. Ove las opp bursdagar fom juli. Han orienterte også frå Distriktkonferansen på Eda der han og Idar Flø deltok. Vi fekk helsing frå Magnar Hatløy som er sjuk.

